



**SOGN OG FJORDANE  
FYLKESKOMMUNE**



**Nærings- og kulturavdelinga**

**Sakshandsamar:**

Ingebjørg Erikstad

E-post: ingebjorg.erikstad@sfj.no

Tlf.: 41530941

**Vår ref.**

Sak nr.: 15/9453-5

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

**Dykkar ref.**

**Dato**

LEIKANGER, 11.04.2018

Norsk Kulturråd  
Postboks 8052 Dep,

0031 OSLO

## Den norske bokbyen - finansiering

Den norske bokbyen i Fjærland har hatt direkte støtte over statsbudsjettet sidan 2006 (post 74). I 2012 vart bokbyen, saman med fleire andre kulturaktørar ført over frå kulturdepartementet sitt budsjett til Norsk Kulturråd som skulle forvalte tilskotsordninga til dei aktuelle aktørane. I 2016 kom det melding frå kulturrådet at dei hadde bestemt at det faste tilskotet skulle fasast ut over ein treårs-periode. Samstundes vart det vist til at dei aktuelle kulturaktørane kunne søkje prosjektstøtte frå kulturrådet.

Det har også vore foreslått å overføre tilskotshandsaminga for ei rekkje kulturinstitusjonar til fylkeskommunane frå og med 2018. Stortinget sa nei til overføring no, og ville sjå dette i samanheng med heilskapleg forslag i samband med handsaming av den varsla kulturmeldinga som skal handsamast i Stortinget våren 2019.

Den norske bokbyen i Fjærland er ein liten organisasjon som byggjer sin aktivitet på vel 3,5 årsverk. I tillegg kjem ein stor dugnadsinnsats, omreknar til om lag 2300 timar på årsbasis. Statstilskotet har hjelp til slik at bokbyen har kunne planlagt og gjennomført eit formidlingsprogram med forfattarmøter, fordrag, konsertar, m.m. i sommarsesongen utan at det har vore naudsynt å bruke mykje tid på prosjektsøknader med tilhøyrande rapporteringar. Tilskotet har også gitt ein viss økonomisk føreseieleg situasjon som har gjort at bokbyen også kan vidareføre bokbyideen; det å ta vare på og gjere tilgjengelig litteratur og bøker, som elles hadde blitt borte. I dette ligg både eit kulturvernperspektiv, så vel som eit miljøperspektiv.

Det er eit uttalt mål å sikre profesjonelle kunst- og kulturtilbod av høg kvalitet over heile landet. For å oppnå dette, er det trong for gode rammevilkår der langsiktigheit og effektive løysingar er i fokus. Med dette som utgangspunkt vert det feil medisin å ta bort faste ordningar som gir rom for fagleg arbeid og erstatte dette med prosjektbaserte tilskot, noko som både er meir arbeidskrevjande og tek bort føreseielege rammevilkår for små kulturinstitusjonar.

Etter kulturrådet sine opplysningar er føremålet med ordninga for driftstilskot å sikre føreseielege driftsrammer for verksemder som har høgt kunst- og kulturfagleg kvalitetsnivå, langsiktige mål og relevans ut over sitt lokale nedslagsfelt. Etablerte verksemder innanfor og på tvers av områda musikk, scenekunst, litteratur, visuell kunst, kulturvern og allmenne kulturformål, som kan vise til høg fagleg kvalitet og kompetanse, kontinuerlig aktivitetsnivå og profesjonell drift, kan søkje.

Med tanke på at finansieringa av ei rekkje kulturinstitusjonar etter Ekspertutvalet sitt forslag – og også etter Regjeringa sitt forslag i 2017 – er foreslått overført til fylkeskommunane frå 2020, er det vår meining at staten ved Norsk Kulturråd burde halde oppe driftstilskotet til Den norske bokbyen i Fjærland fram til slik overføring faktisk har skjedd.

Besøksadresse:

Kultur: Storehagen 1B, Førde  
Næring: Fylkeshuset, Leikanger

Postadresse:

Askedalen 2  
6863 LEIKANGER

E-post:

post@sfj.no  
Heimeside:  
www.sfj.no

Telefon:

57638000

Bankgiro:

4212 02 02000

Org.nr :

NO 941 388 841 MVA

Med helsing

Jenny Følling  
Fylkesordfører

Jarle Årvoll  
ordfører

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*

Kopi til:

Kulturdepartementet Postboks 8030 DEP 0030 OSLO  
Kommunenes Sentralforbund Postboks 1378 Vika 0114 OSLO